



# DEN NORSKE KYRKJA

## Aurland kyrkjestyre

Kyrkjelydskontoret  
5745 AURLAND  
Tlf: 57632995  
Faks: 57632901

post.kirkeradet@kirken.no

Aurland 05.05.2015  
Vår sakshandsamar: Monica Finden  
Vår ref.: 15/00013-002  
Arkivkode: 002.5

### Vegval for ei framtidig kyrkjeordning - høyringssvar

Aurland kyrkjestyre handsama høyringa "Veivalg for framtidig kirkeordning" i møte 5. mai 2015, og kom fram til fyljande høyringssvar:

#### Spørsmål 1:

Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

*Svar: Me meiner at ei ny kyrkjeordning må sikre at soknerådet får meir mynde og større innflyting på eiga verksemd. Den lokale kyrkjelyden er kyrkja si grunneining og må difor gjevast større ansvar i den strategiske utviklinga av kyrkjelyden og større moglegheit enn i dag til å påverke kven som vert tilsett der.*

*Me meiner at det må opprettast eit nytt, robust fellesråd på regionalt nivå, tilsvarande ein ny kommunestruktur, for utøving av arbeidsgjevaransvar for ALLE tilsette i kyrkja innafor sitt område, og for profesjonell ivaretaking av gravferdsforvaltninga og kyrkjebygga. Ein må sjå på dette i forhold til korleis eit justert prostinivå vil verta i forhold til justerte kommunegrenser.*

*Med dette vert den lokale og den regionale kyrkja styrka, ikkje bispedømet då det er for langt vekke.*

#### Spørsmål 2:

Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

*Svar: Ja*

#### Spørsmål 3:

Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kyrkje faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

*Svar: Livssynsavgift. For å behalda den breie folkekyrkja og lik fordeling til alle trus- og livssynssamfunn.*

#### Spørsmål 4:

Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

*Svar: F.eks. ved å kutte ut bispedømerådet. Om ein held på Bispedømerådet, so kan dei ha oppgåver som strategisk arbeid i bispedømet, fordeling av statlege ressursar, rådgjevande organ for biskopen, rekruttere til Kyrkjemøtet, drøfte saker som skal til Kyrkjemøtet og fylgje opp saker frå Kyrkjemøtet, samt tilsetjing av medarbeidarar som ikkje har soknet som arbeidsstad.*

*Ein vil ikkje alltid spare so mykje økonomisk, men faglege ressursar kan nyttast betre. Avstand og topografi har noko å sei i denne samanheng.*

Spørsmål 5:

Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

*Svar: Må vurderast ut frå dei lokale forholda. Soknet må framleis vere den grunnleggande eininga i DnK. Ein må finne hensiktsmessig storleik på sokna, ikkje berre ut frå folketal, men óg ta omsyn til geografi og topografi. Ein treng ikkje ein fullstendig gjennomgang av storleiken på sokna no.*

Spørsmål 6:

Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

*Svar: Ja, men den prøveordninga Aurland har hatt frå 01.01.2006 har fungert godt her. Dersom fellesrådsnivået vert meir regionalt, so er det viktig å halde på soknerådsnivået.*

Spørsmål 7:

Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømenivå)?

*Svar: Om det vert på kommunenivå eller justert prostinivå er avhengig av den framtidige kommunestrukturen. Ynskjer ikkje bispedømenivå, for det vert for langt vekk.*

Spørsmål 8:

Viss ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

*Svar: Soknerådet må få meir mynde og større innflytelse på eiga verksemd både når det gjeld ansvar i den strategiske utviklinga av kyrkjelyden, større moglegheit til å påverke kven som vert tilsett der og økonomisk handlefridom.*

Spørsmål 9:

Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

*Svar: I utgangspunktet ja.*

Spørsmål 10:

Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

*Svar: Ein person må fungere som dagleg leiar for det administrative, dette bør ikkje vere presten, men presten har det pastorale ansvaret.*

Spørsmål 11:

Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

*Svar: Biskopen sin tilsynsfunksjon bør utviklast og tydelleggjerast både overfor prestar og andre vigsla stillingar, men biskopen bør ikkje utøve arbeidsgjevarfunksjonar.*

Spørsmål 12:

Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

*Svar: Ikkje svar*

Spørsmål 13:

Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

*Svar: Det bør opprettast eit breidt samansett tilsetjingsorgan som ikkje tek so mange kyrkjepolitiske val, men vurderar kvalifikasjonane til kandidatane.*

Spørsmål 14:

Bør bispedømmerrådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være biskopens rolle i kirkestrukturen?

*Svar: Bispedømmerrådet bør ikkje oppretthaldast som eit demokratisk valt organ. Andre organ bør ivareta rådet sine noverande oppgåver.*

Spørsmål 15:

Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerrådet?

*Svar: Ikkje svar*

Spørsmål 16:

Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

*Svar: Det bør vere ei arbeidsgjevarlinje. Arbeidsgjevaransvaret for alle kyrkjelege tilsette som arbeidar i soknet bør leggjast til fellesrådet.*

Spørsmål 17:

I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ.)

*Svar: Arbeidsgjevaransvaret bør ikkje fordelast, men samlast i eitt organ. Biskopen bør ikkje vere arbeidsgjevar.*

Spørsmål 18:

I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organisering av arbeidsgiveransvaret?

*Svar: I dei tilfella storleiken på stab eller geografi/topografi gjer det utfordrande å utøve arbeidsgjevaransvaret på ein god måte, bør ein kunne leggjast til rette for lokale og regionale variasjonar.*

Spørsmål 19:

Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre vigslede tjenester?

*Svar: Dette bør gjerast ved at biskopen sitt tilsyn vert styrka.*

Spørsmål 20:

Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

*Svar: Ein må sjå til at det er tilstrekkeleg uavhengigheit mellom Kyrkjemøtet og bispedømerådet, slik at Kyrkjemøtet representerer og arbeidar for heilheita i den lokale strukturen.*

Spørsmål 21:

Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes saman?

*Svar: Det bør utredast korleis ein kan "rekruttere" til Kyrkjemøtet på ein slik måte at møtet i større grad representerar heilheita i den lokale kyrkjelege strukturen.*

Spørsmål 22:

Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

*Svar: Ikkje svar*

Spørsmål 23:

Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om leiing av biskopen?

*Svar: Det er greitt slik det er no. Biskopane må saman komme fram til felles køyrereglar i prosedyrespørsmål, regelverk osv., men teologisk sett må kvar biskop ha full fridom.*

Spørsmål 24:

Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

*Svar: Kyrkjerådet bør setjast saman av ein representant for kvart av bispedømeråda, preses og tre medlemmar valt på fritt grunnlag for å ivareta breidde i kompetanse og representativitet.*

Spørsmål 25:

Bør ordningen med egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

*Svar: Ikkje svar*

Spørsmål 26:

Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

*Svar: Her er det rettast at det er det samiske høyringsinstansane som legg føringar.*

Spørsmål 27:

Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdomens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

*Svar: De kyrkjelege ungdomsdemokratiet bør regelfestast som ein del av kyrkjeordninga vedteken av Kyrkjemøtet. Ungdomens kyrkjemøte sine funksjonar bør vidareførast som i dag.*

Sokna i Aurland (Vangen, Flåm, Undredal og Nærøy) er med i prøveordninga om samanslegne sokneråd. Dette er ei ordning som har fungert veldig bra hjå oss i og med at det lettar arbeidet med enklare struktur, samstundes som ein sikrar representasjon frå alle sokna inn i kyrkjestyret. Dette er viktig for Aurland kyrkjestyre, og ein ber om at det vert gjort ei lovendring som tillet dette som ei fast ordning.

Med helsing  
For Aurland kyrkjestyre

Monica Finden  
Kyrkjeverje